



**FROSKE-ELSKOV:** Fotojakt i påska gav mellom anna dette blinkskotet av to froskar som har vakna etter vinterdvalen og teke til med meir vårlege aktivitetar. Me håpar på godt og talrikt resultat. Foto: Alf Nilsen

### Vil halda fram klassekampen

Foreldre og elevar i klasse 9C ved Knarvik ungdomsskule vil etter eit møte med rektor framleis kjempa mot at klassen blir splitta det siste skuleåret. For å spare pengar har rektor gått inn for dette. – Me vil skriva brev og om nødvendig gå i protesttog, seier klassekontakt Lillian Natås (bildet).



**FLOTT 8. MAI-KULISSE:** Med sine minnebautaer både for 99th Batallion og krigsseglarane, var Emigrantkyrkja og utvandrarsenteret ei flott kulisse for årets 8. mai-markering.

# Flott 8. mai-markering på

– Fridom er ikkje noko ein kan ta for gitt. Difor må me ikkje gløyma fredsdagen.

Av Gunn Berit Wiik Berg  
gunn.berit@strilen.no

Det sa leiar i Nordhordland forsvarsforeining, Atle Bondevik, då han ønskte veteranar etter andre verdskrig og andre som har gjort teneste i utlandet gjennom FN- og NATO-styrkar seinare, velkommen til 8. mai-markering på Sletta torsdag.

Sist ein prøvde å få til ei 8. mai-markering på Sletta,

var to veteranar alt som møtte opp. Difor var årets arrangørar, Nordhordland forsvarsforeining og Vestnorsk utvandrings-senter, veldig godt nøgde med frammøtet.

#### Usemjje er grunnlaget

I velkomsttalen trekte Atle Bondevik også fram nokre kloke ord han fann i ei bok i tølne etter onkelen sin, som var i Bjørn West.

– Han som har skrive boka hadde vore i Noreg under heile krigen. Eg kjem ikkje på namnet hans akkurat no, men eg trur han har heilt rett.

I boka skreiv han at dei var veldig einige om at dei skulle kjempa for å få tyskarane ut

og for å bli eit fritt land. Men, skreiv han vidare: Me kjem aldri til å vera så einige vidare. Me skal vera ueinige og likevel kunna bu ilag, for det er retten til å vera ueinige me kjempar for. Det er det grunnleggande for demokratiet.

– Demokratiet verkar ikkje om me ikkje er ueinige, men me har løysingsmåtar på ueinigheita, la Bondevik til.

#### Krigen i perspektiv

Under markeringa torsdag, la tidlegare fylkesmann, Svein Alsaker ned krans på bautaen for 99th Batallion. Men før det, heldt han ein veldig interessant og informativ 8. mai-tale inne i emigrantkyrkja. I talen peika



**HELD KOKEN:** Den oppegående og einestående 99 år gamle John Pettersen frå 99th Batallion, slo av ein prat med prest i Fregattvåpenet, Hans Kenneth Sundsbø frå Alversund.



# Runddans

Av Livar Aksnes

livar@strilen.no

KNARVIK: Denne russebilen tok seg nokre ekstra rundar i rundkøyringa i Knarvik onsdag ettermiddag. Etter kvart vart det litt irritert tuting frå andre bilistar, og etter litt køyrde russebilen ut av rundkøyringa.

Er det knutar å hala på dette?



## Ei stille stund

Urørleg sat katten i kjellarskotet morgon og kveld.

Venta på at mor skulle gje han ein skvett med usila mjølk når ho kom frå floren.

Uforstyrta kunne småfuglane trippa rundt i tunet.

Jarle Sylta Hjelmeland



**FLAGGBORG:** Frå venstre: Nils Christian Eknes representerte Bjørn West, Sven Olav Saltnes representerte Nordhordland forsvarsforeining og Frode Langeland er Libanon-veteran.




**HØGTIDLEG:** Rake i ryggen, song Svein Alsaker og nestleiar på Håkonsvern, kommandørkaptein Karstein Storås «Gud signe vårt dyre fedreland» saman med dei andre framømte framfor minnebautane ved emigrantkyrkja.



**VETERAN:** Brigadeveteran Arthur Lid trur det kan bli vanskeleg å få kommande generasjonar til å markera fredsdagen. – Dei kan ikkje danna seg det bildet me har når dei ikkje har opplevd krigen, seier han.



**KNIPSING OG PRAT:** Også Lindås-ordførar Astrid Aarhus Byrknes tok turen til Sletta og sin kollega Arne Askeland. Mannen med det blåstripete slipset er formannen i Nordhordland forsvarsforeining, Atle Bondevik og mannen heilt til høgre, er prest Prest i Fregattvåpenet, Hans Kenneth Sundsbø frå Alversund, som avslutta markeringa på utvandringssenteret.



**SONG:** Ingvill Gunnarson Thunes song «Veslemøy» og «Vestland, Vestland».

# Sletta

han på at det er viktig å ha det rette bakteppet når ein skal bedømme den norske motstandskampen.

– Det var eit militært uførebudd land tyskarane møtte 9. april 1940. Likevel var det eit folk knytt saman i sterkt fellesskap og som alt hadde djupe og langvarige konflikter bak seg. Parolen var samarbeid og dei store arbeidskonfliktane var i ferd med å bli historie. Det var eit folk som også var samla i semje og med demokratiske verdiar og styresett, forklarte han.

## På mange frontavsnitt

Det me minnest i dag, er dei fem tunge krigsåra med frykta, lidninga og kampene dei førte

med seg fram til endeleg siger for demokrati og menneskerettar overfor eit umenneskelig tyranni. Han minna om at friidomskampen ikkje berre vart ført med våpen i hand, men på mange ulike frontavsnitt.

– Det var kort sagt ein kamp mot nazifisering av den norske folkesjela, sa Alsaker.

## Heidra krigsseglarane

På krigsseglarane sin bauta la nestleiar på Håkonsvern, kommandørkaptein Karstein Storås, ned krans. Hans tale handla om kven krigsseglarane var, kva dei gjorde under krigen og kva som skjeddde og ikkje skjeddde etter krigen.

Han understreka at handelsflåten og sjømennene var Norges viktigaste bidrag under andre verdenskrig.

## Handelsflåten svikta aldri

Før krigen hadde Noreg ein av verdas største og mest moderne handelsflåtar, med over 1000 fartøy totalt. All transport av drivstoff, våpen og anna utstyr

brukte i krigføring gjekk sjøvegen. Difor var det havet som batt saman dei tre store allierte, USA, Sovjetunionen og Storbritannia.

– Flåten hadde såleis avgjerande betydning for utviklinga av krigen, men det var uhyre viktig for dei krigførande partane å få kontroll over dei norske fartøya, sa Storås. Difor hamna handels-

flåten stadig i frontlinja. Utan motet og offerviljen til krigsseglarane hadde me neppe stått imot dei tyske offensivane. Handelsflåten svikta aldri, sa han.

## Presten avslutta

Prest i Fregattvåpenet, Hans Kenneth Sundsbø frå Alversund, avslutta markeringa på utvandringssenteret. Talen kan

ein høyra og sjå på Strilen si nettside.

Etter kransnedlegging og allsong, held markeringa fram i samfunnshuset Skogen Sletta, der ordførar Jon Askeland og fleire hadde ordet.

Det var tidlegare ordførar Olav Steinar Namtveit som leia markeringa i kyrkja.



## Engstelig for brystkreft?

De fleste som er redde for at de har kreft, har ikke sykdommen. Ved Aleris Brystdiagnostisk senter kan du få tatt alle undersøkelser på en og samme dag, slik at du får rask avklaring.

Du trenger ikke henvisning.  
Rask time • Svar på dagen

Ring oss for timebestilling eller mer informasjon.  
55 59 99 99 Marken 34, midt i Bergen sentrum

Besøk våre nettsider  
www.aleris.no/bergen

facebook.com/alerishelse

Aleris